

# Referat styremøte i Sunnmør Skyttarsamlag

Tid: 18.00-21.15

Dato: 26. august

Sted: Sykkylven skytterhus

Desse møtte: Ola Vangen, Kjell Oddvar Frøysa, Stian Alexander Skog-Karlsen og Ola Kåre Dybvik.

Desse møtte ikkje: Helge Hollund Surdal (Sjukdom), Bjørn Egil Larsen (Sjukdom), Paul Moen, Rolv Arne Ljøen

Sak 1 – Ingen hadde noken spesielle bemerkningar til innkalling eller sakliste.

## Sak 2 – Samlagsstemne bane 2018

Siste samlagsstemnet for 2018 blei godt gjennomført. Sunnlylven stod som arrangør og der var 61 skyttarar på stemnet.

På møtet diskuterte styret litt fram og tilbake ang arrangering av samlagsstemne i åra framover.

Styret fatta også følgjande vedtak: Åpen påmelding på alle samlagsstemner. Ved stor påmelding kan arrangørlagets skyttarar, og eventuelt andre, skyte dagen før i samråd med samlagsleiaren.

## Sak 3 – Serieskyting bane 2018

Serieskytinga i baneskyting er også over for i år. Alle resultat er oppdaterte og ligg på samlaget si heimeside. Det vil bli bestilt inn plankettar og beste skyttarpremie til dei beste ungdommane i kvar klasse.

Styret diskuterte også korleis det skal bli framover. Det var fleire forslag på ting som kunne gjerast annerleis: Fordeling utover året, eventuelt forandring på klasseoppsett, antall deltakerar, måten vi arrangerar på.

## Sak 4 – Leiarmøte

Dette blir eit diskusjons- og drøftningsmøte. Saklista sendast ut til skytterlaga i forkant av møtet. I og med saklista blir sendt ut i forkant slik at skyttarlaga har tid til å drøfte saker og ting i eige styre først så ser vi ikkje det nødvendig med meir enn 1 representant i frå kvart lag (helst i frå styret) + samlagsstyret.

Møtet blir søndag 23. september i Sykkylven sitt skyttarhus frå kl 17.30.

## Sak 5 – Ombudsmøtet

Styret diskuterte dato, klokkeslett og møtestad for ombudsmøtet for i år. Og dette blir:

Dato: søndag 9. desember

Tid: 12:00

Sted: Langevåg skytterhus

Huset blei leigd samme kveld og Ola vil sende ut første innkalling til møtet.

Ellers har styret litt jobb foran seg før møtet. Vi gjekk gjennom fjorårets protokoll for å starte å forberede oss til dei oppgåvene som skal gjerast i forkant av møtet.

## Sak 6 – Økonomi

Ikkje så mykje frå økonomi sida denne gongen i og med kasserer måtte melde forfall pga sjukdom. Men det han kunne melde om er at fakturaer som kjem inn til samlaget blir betalt fortløpande. Han har også startet arbeidet på å fakturere ut til skytterlaga og ser for seg å vere i mål med det i løpet av dei to neste vekene. Dei fleste skyttarlag avsluttar sitt regnskaps år til 1. oktober, så greit å vere ajour til det.

Det vi skal sjå litt på framover er om vi kan få til nokre fleir samlingar eller kurs så vi får søkt om støtte sentralt frå DFS.

## Sak 7 – Terminliste 2019

Datoar for samlagsstemne og LDKS i 2019 blir følgjande:

Samlagsstemne miniatyr 26.-27.jan

LDKS miniatyr 7.-10. feb

Samlagsstemne felt 31. mars

LDKS felt 7.apr

LDKS bane 15.-16. juni

Samlagsstemne bane 17.-18. aug

Dette blei bestemt under møtet som samlagsformennene hadde under Midt-Norsk Mesterskap i Romsdal.

## Sak 8 – Neste møte

Neste møte blir mandag 1. oktober